

Det kongelige olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
041/1944-176	
DATO - 2 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

Stord, den 25.02.2005

Dykkar ref. : 04/1994

Vår ref. :

Arkiv nr. : 118583

Saksbehand : S. Skjold

HØYRING - NOU 2004: 26 HEIMFALL

Det blir vist til Departementet sitt høyringsbrev av 01.12.04.

Innleiing

Spørsmålet om framtidig eigarskap, forvaltning og utvikling av våre vannkraftressurser er av stor betydning for Noreg som nasjon. Vi konstaterer at heimfallsutvalget ikkje har makta å bli enige om eit felles forslag. Utvalet sitt forslag består av ulike element, med vekslende fleirtal bak kvart av dei. For ein uttalepart som SKL kan det vera vanskeleg å orientere seg i forhold til dei ulike modellane, og enda meir kompleks blir saka når ein stiller spørsmål ved utvalget sitt mandat og forholdet til EØS-retten. Det reiser spørsmål om det finst løysingar som ligg utanom den snevre ramma utvalget arbeidde innanfor.

I føreliggjande uttale har vi naturleg nok valgt å sjå saka først og fremst frå SKL sin synsstad, men vi er også opptatt av at framtidige ordningar kan legge til rette for framleis eit nasjonalt, langsiktig offentleg eigarskapen til vannkraftressursane, slik storparten av det norske folk meiner. Vi ser imidlertid dei utfordringar som ligg i utforming av eit regelverk som ivaretar mange kryssande omsyn, ikkje minst eigarskap opp mot næringsutvikling og likebehandling av aktørar i kraftmarknaden innanfor EØS-avtalen.

Orientering om Sunnhordland Kraftlag

Sunnhordland Kraftlag AS er eit resultat av lokal infrastrukturbygging gjennom mange år. Selskapet vart skipa i 1946 etter at det i mellomkrigstida ikkje hadde lykkast å få til ei elektrifisering av bygdene i Sunnhordland. Selskapet sitt føremål var å skaffe straum til Sunnhordland, delar av Midthordland og landdisktikta i Nord-Rogaland, og føre krafta fram til dei ulike bygdene/kommunane.

Selskapet betyr mykje for distriktet der det har sine anlegg og aktivitet, og som det fram til energilova kom i 1991, hadde ansvaret for å dekke med elektrisk kraft. Verdiane i selskapet er bygd opp over mange år gjennom distriktet sin vilje til å satse på lokale vasskraftressursar for å utvikle eige distrikt.

Dei fleste kraftanlegga til SKL ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommune. Vassdraget er bygt ut i takt med behov og økonomisk evne over ein periode på meir enn 50 år. Vi er nå komen inn i ei ny fase der opprusting og utviding av anlegga står på programmet.



Sunnhordland Kraftlag AS

Postboks 24

5401 Stord

Telefon 53 49 60 00

Telefax 53 41 41 70

Telefax driftssentral
53 49 60 01

Org.nr. NO 916 435 711 MVA

Som følge av auka kraftbehov i forsyningsområdet fekk SKL på 1980-talet også tilgang til andre vasskraftkjelder. Det gjeld eit mindre vassdrag i fusa kommune, og ein andel av Sima kraftanlegg. Alt dette for å vera i stand til å ivareta sitt forsyningsansvar.

SKL har i dag følgjande eigarar:

Haugaland Kraft AS	40,5 %
BKK	33,4 %
Stord kommune	2,1 %
Finnås Kraftlag PL	10,0 %
Fitjar Kraftlag	3,4 %
Tysnes Kraftlag PL	5,0 %
Fjelberg Kraftlag PL	3,0 %
Skånevik Ølen Kr. lag PL	2,6 %

Hovudtyngda av eigarane er offentleg eigde selskap og ein kommune (76 %). Ein mindre del (24 %) er eigd av lokale kraftlag organisert som partslag. I utgangspunktet vart dei fleste av partslaga skipa samstundes med SKL, med ansvar for den lokale nettutbygginga, medan SKL skulle ta seg av kraftproduksjonen og det overordna nettet. Partslagsforma vart den gang valgt for å sikre lokalt engasjement og økonomisk deltaking frå kvar kunde. I høve til industrikonsesjonslova m.v. oppfattar vi det slik at partslaga er å sjå på som private eigarar.

Selskapet har i dag eit stabilt eigarskap, som satsar på å utvikle SKL vidare. Dette kjem først og fremst til uttrykk gjennom dei planar selskapet har for opprusting og utviding av kraftanlegga i Blådalsvassdraget, men også gjennom engasjement i småkraftutbygging i regionen.

SKL har ei rad konsesjonar etter industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova frå perioden 1948 til 2004. Alle er gitt utan tidsbegrensing.

Utvalet sine heimfallsmodellar i forhold til SKL sine anlegg

Alle foreslåtte modellar vil i realiteten bety store verdioverføringar frå SKL sine eigarar til staten og vertskommunane for kraftanlegga. Dei fire modellane er ulikt utgreidde, og gir ikkje like gode svar på viktige spørsmål som kan stillast, mellom anna lovlegheten opp mot EØS-avtalen. Men slik vi oppfattar modellane vert konsekvensane i hovudsak følgjande for SKL:

1. Partielt heimfall (fleirtalsforslaget):

- Heimfall 75 år etter lovendring
- Konsesjonæren på heimfallstidspunktet (SKL) får behalde 1/3 av eigedomsretten
- Konsesjonæren har rett til å vidareføre drifta, og forkjøpsrett til staten sin andel.

2. Tradisjonelt heimfall med kompensasjon

- Heimfall 75 år etter lovendring
- Konsesjonæren på heimfallstidspunktet (SKL) får ein kompensasjon på 20% av markedsverdien, eventuelt ein 20 % eigardel.



3. Transaksjonsmodellen

- Heimfall for offentlege eigarar 60 år etter ein transaksjon, dvs. at offentlege eigarar får vidareført sin evigvarande konsesjon inntil det vert føreteke ein konsesjonspliktig transaksjon
- Konsesjonæren på heimfallstidspunktet får ikkje kompensasjon

4. Rettighetsmodellen

- Tradisjonelt heimfall for alle 60 år etter lovendring
- Kompensasjon på 45 % til dei offentlege eigarar som framleis eig på heimfallstidspunktet. Andre får ikkje kompensasjon

Som nemnt betyr alle modellane store overføringar frå lokale eigarar til staten. Transaksjonsmodellen kan hindre denne overføringa dersom alle eigarane låser inne sine verdiar på ubegrensa tid. I praksis vil det bety at eit offentleg selskap under denne modellen vil leve i usikkerhet om status for sine anlegg. Bindande avtalar mellom eigarar om å fryse eigarskapen kan ikkje vera ønskjeleg for nokon part, og slett ikkje for samfunnet med utgangspunkt i energilova si målsetting om ei rasjonell kraftnæring. Eigarane må sjølv få bestemme over sine verdiar.

Sett frå SKL sin stådstad vil truleg fleirtalsforslaget i NOU 2004:26 – Partielt heimfall - vera den modellen som betyr minst verdioverføring, og som slik sett best tek i vare eigarane og regionen sine interesser, framleis med utgangspunkt i utgreiinga.

Det er tre viktige grunnar for denne vurderinga:

- Heimfallet skjer først 75 år etter lovendringa
- Eigarane får behalde 1/3 av anlegga. Heimfallet omfattar ”berre” 2/3 av dei verdiar som eit heimfall omfattar etter dagens reglar.
- Etter heimfall vil selskapet ha rett til å førestå drifta av anlegga, og forkjepsrett til staten sin andel i tilfelle salg.

Vi er elles positive til utvalget sitt einstemmige forslag om utvida muligheter til utleige av kraftverk. Det kan opne for etablering av rasjonelle drifteiningar utan endring av eigarskap. Viktig i den samanheng vil vera praktiseringa av konsesjonsbehandlinga i samband med utleige. Skal denne utvida utleigemuligheten reint faktisk legges til rette for auka utleige, må ikkje leigetakaren risikere å bli pålagt nye tyngande pålegg i konsesjonsbehandlinga.

Utleigemuligheten kan kanskje løyse problemet med hindring av reorganisering for effektiv drift som ligg i Transaksjonsmodellen. I så fall vil også denne modellen kunne vera brukande for SKL. Under føresetnad om at modellen er lovleg i forhold til EØS-retten kan modellen i større grad enn andre modellar gi muligheter for sikring av norsk eigarskap til vannkraftressursane i framtida.

Adgangen til utleige av fall bør utvidast i alle fall, uavhengig av korleis heimfallsinstituttet blir utforma, men utan adgang til å stille nye krav knytt til utleiga.

Uttrykte preferansar ovanfor betyr ikkje at SKL i dag kan rå til at ein av utvalget sine modellar blir lagt til grunn for nytt heimfallsregime. Til det synest saka å vera for lite utgreidd, noko vi tek opp i neste hovudavsnitt.



Utvalet sitt mandat og forholdet til EØS-retten

Vi har merka oss i innstillinga og diskusjonen etterpå at det blir reist spørsmål om lovleggheten av dei ulike alternativa i forhold til EØS-retten. Utvalget sin juridiske ekspert (Olav Kolstad) har erklært Transaksjonsmodellen å vera i strid med EØS-avtalen, medan annan ekspertise (Finn Arnesen) seier at denne modellen ikkje er ei strid med nemnte avtale.

Vi konstaterer vidare at tolkinga av forholdet til EØS-retten er tillagt stor vekt for kva alternativ dei ulike medlemene i utvalet har gått inn for.

For ein uttalepart er det av den grunn nærliggande, slik mange nå har gjort, å etterlyse ei nærare avklaring av forholdet mot EØS-retten gjennom direkte kontakt med ESA.

Utvalget har hatt eit begrensa mandat. Det er vår meining av mandatet til utvalget burde tillatt ei vurdering av andre alternativ enn heimfall. Stortingsproposisjonen må gi ei breiare presentasjon av saka enn det avgrensa mandatet Heimfallsutvalget fekk.

Det er ikkje å kome utanom at følgjande to politiske omsyn vil måtte få eit betre svar enn det som ligg i innstillinga:

- Omsynet til å behalde eigarskapen til vannkraftressursane på norske hender.
- Distriktpolitiske omsyn
 1. Dei regionale kraftselskapa er viktige drivkrefter i regional næringsutvikling i tillegg til at dei i seg sjølv er store arbeidsgivarar og bidreg til å oppretthalde viktige kompetansmiljøer regionalt. Nye reglar som eventuelt gjer det lettare å selje kraftselskap vil føre til sentralisering og svekking av regionane.
 2. Det å fråta kommunar og fylkeskommunar sitt evigvarande eigarskap til vannkraftressursane – eller å leggje til rette for at kommunane selger til utlendingar eller andre for å oppnå kortsiktige gevinstar – er uheldig for kommuneøkonomien på lengre sikt.

Ut frå dette kan det vera fleire mulige alternative heimfallsmodellar enn dei som er skissert i innstillinga. I debatten har to alternativ vore framme, kalla ”Offentleg heimfall” og ”tilbakeføring og utleige”. Desse – og truleg fleire – bør vera verdt å få utgreidd.

Erstatning ved eit eventuelt heimfall

Utvalget har etter mandatet ikkje hatt høve til å behandle spørsmålet om eit nytt heimfallsregime utløyser erstatningsplikt til dei offentlege eigarane, jfr. Grunnlova § 105.

Olje- og energidepartementet konkluderte i sitt Høyringsutkast i 2002 med at totalheimfall kunne innførast overfor kommunale og fylkeskommunale eigarar erstatningsfritt, det vil seia at desse ikkje har same vernet etter nemnte paragraf i grunnlova som private eigarar. Dette standpunktet er stekt omtvista, og delest ikkje av SKL.

Eit mindretal i utvalet var uenig i at erstatningsspørsmålet fall utanom mandatet, og har gitt ein særma knad i NOUen. Heimfall for selskap som i dag har konsejon utan tidsbegrensing betyr tvungen eigedomsavståing. For dette må det verta gitt full erstatning slik grunnlova krev.




Sluttkommentar

I vår høyring til OED si utgreiing frå 2002, før det blei bestemt at heimfallsspørsmålet skulle behandlast av eit eige utvalget, var SKL si oppmoding til departementet at det vart tatt omsyn til eigarane sine verdiar, betydningen av selskapet som lokal næringsutviklar, og at rammevilkåra også i framtida vert slik at eigarar og selskap har interesse av å utvikle kraftanlegga vidare. Denne oppmodinga står framleis ved lag.

Med helsing

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS



Magne Heimvik
adm. direktør

Kopi: SKLs eigarar

EBL

